

Synne Hole Nesbø

Fremming av empowerment i møte med kvinner utsett for partnervald

Facilitating empowerment of female victims of intimate partner violence

Bacheloroppgåve i Sosialt arbeid

Mai 2021

Synne Hole Nesbø

Fremming av empowerment i møte med kvinner utsett for partnervald

Facilitating empowerment of female victims of intimate partner violence

Bacheloroppgåve i Sosialt arbeid
Mai 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosialt arbeid

Samandrag

Partnervald er eit komplekst sosialt problem og forskning viser at ein tredjedel av kvinner på verdsbasis, har blitt utsett for vald av ein partner. Å oppleve partnervald kan få følger for den valdsutsette si psykiske helse, som eksempelvis depresjon og posttraumatisk stresslidning, lav sjølvtilitt og skamkjensle. I litteraturen om partnervald finn ein mykje forskning på empowerment. Forsking viser nemleg at empowerment kan vere ein kjernefaktor for rehabiliteringa til kvinner utsett for partnervald. Empowerment referer til å auke individet si makt i sosiale relasjonar, ettersom mange valdsutsette er i ein situasjon der dei kjenner på avmakt. I Norge har ein krisesenter som ein del av samfunnets sikkerhetsnett. Slike senter fungerer som hjelpetilbod for dei som er utsett for vald i nære relasjonar og skal blant anna vere ein stad der valdsutsette kan føle tryggleik, samt begynne å jobbe for å forbetre livssituasjonen sin.

I denne teoretiske oppgåva undersøker eg korleis sosionomar kan fremme empowerment i møte med valdsutsette kvinner på krisesenter. Faktorar som sikkerheitsplanlegging gjennom brukardefinert praksis, kritisk medvit, ressursmobilisering, samt aukiing av sjølvtilitt trekker eg fram som sentrale for å fremme empowerment. Eg ser deretter på utfordringar som kan dukke opp, dette i form av rammer og ressursar som ei hindring, samt dilemma mellom sosionomen si faglege oppfatning og omsynet til kvinna sin rett til empowerment. Arbeidet med oppgåva har gjort det enda meir tydeleg at empowerment ikkje er noko ein sosionom kan gje til den valdsutsette. Derimot er sosionomen si oppgåve å sikre at føresetnadane er der for at kvinna kan ta makta over sitt eige liv. Til sjuande og sist er det kvinna sjølv som kan oppnå empowerment.

Abstract

Intimate partner violence is a comprehensive social problem and research shows that one third of women worldwide, has experienced this form of violence. To experience intimate partner violence can have consequences for the victim's mental health, such as depression and post-traumatic stress disorder, low self-esteem and experiencing shame. A lot of research has been done in this field, relating it to empowerment. This research is indicating that empowerment can be a key concept for victims' recovery. Empowerment is used to describe a shift in the experience of power attained through interaction in the social world. This becomes relevant as many victims of violence see themselves in a position of powerlessness. In Norway there are shelters which serve as a support service for victims of domestic violence. This is a place where victims can come to safety, as well as start working on improving their well-being.

In this paper I will examine how social workers can facilitate empowerment for female victims of intimate partner violence in shelters. Factors such as safety planning through victim-defined advocacy, critical awareness, resource mobilization, as well as increase in self-esteem will be central to the discussion about how to facilitate empowerment. I then look at challenges that may arise, like framework and resources as an obstacle for empowerment, as well as the dilemma between the social worker's professional opinion and the consideration of a woman's right to empowerment. The work on this thesis has made it even more clear that empowerment is not something a social worker can give to the victim. However, the social worker's task is to ensure that the preconditions are there for the woman to take control of her own life. Ultimately, it is the woman herself that can achieve empowerment.

Innholdsliste

1.0 INNLEIING	1
1.1 KRISESENTER OG EMPOWERMENT	1
1.2 PROBLEMSTILLING OG AVGRENSING	2
1.3 TEAMET SIN RELEVANS FOR SOSIALT ARBEID.....	2
1.4 DEFINISJON OG PRESISERING AV OMGREP.....	3
1.4.1 <i>Partnervalg</i>	3
1.4.2 <i>Nokre språklege presiseringar</i>	3
1.5 VIDARE OPPBYGGING AV OPPGÅVA	4
2.0 METODE	4
2.1 SØKEPROSESSEN	4
2.2 FORDELAR OG AVGRENSINGAR MED VALT LITTERATUR.....	5
3.0 TEORETISK UTGANGSPUNKT.....	6
3.1 NOKRE KONSEKVENSNAR AV Å OPPLIVE PARTNARVALD	6
3.1.1 <i>Depresjon og posttraumatisk stresslidning</i>	6
3.1.2 <i>Skam og skuld</i>	7
3.1.3 <i>Isolasjon og lav sjølvtilitt</i>	8
3.2 EMPOWERMENT	9
3.2.1 <i>Empowerment som mål</i>	9
3.2.2 <i>Empowerment som metode</i>	10
3.2.3 <i>Empowerment som prosess</i>	10
3.3 KVIFOR ER EMPOWERMENT ØNSKELEG I ARBEID MED VALDSUTSETTE?.....	11
4.0 KORLEIS FREMME EMPOWERMENT HOS VALDSUTSETTE KVINNER.....	12
4.1 SIKKERHEITSPANLEGGING GJENNOM BRUKARDEFINERT PRAKSIS	12
4.1.1 <i>Å ta den andre sitt perspektiv</i>	13
4.1.2 <i>Partnerskapet mellom valdsutsett og sosionom</i>	14
4.2 KRITISK MEDVIT OG REFLEKSJON	15
4.3 RESSURSMOBILISERING	16
4.3.1 <i>Støtte frå nettverk</i>	16
4.3.2 <i>Kunnskap og kompetanse</i>	17
4.4 AUKING AV SJØLVTILLIT OG KJENSLE AV MEISTRING	17
4.5 MOGLEGE UTFORDRINGAR VED Å LEGGE TIL RETTE FOR EMPOWERMENT	18
4.5.1 <i>Rammer og ressursar som ei hindring for empowerment</i>	18
4.5.2 <i>Dilemma mellom sosionomen si faglege oppfatning og omsynet til kvinna si rett til empowerment</i> ..	19
5.0 AVSLUTNING	20

1.0 INNLEIING

I denne oppgåva har eg valt å skrive om fenomenet vald i nære relasjonar, med fokus på verknader av opplevd partnervald, samt sosionomen si rolle i møte med valdsutsette kvinner på krisesenter. I 1999 la regjeringa fram handlingsplanen *Vold mot kvinner*, og den private valden i Norge blei med dette meir synleg (Lillevik, 2019, s. 13). No som året er 2021 er det ingenting som tyder på at problematikken er av mindre omfang. Blant anna har Barne- og familiedepartementet lagt fram ein opptrappingsplan mot vald i nære relasjonar for åra 2017-2021, der dei tek for seg strategiar for å førebygge og motverka problemet (Prop. 12 S (2016 – 2017)). I tillegg er Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS, 2020) uroa for auking av partnervald som følge av covid-pandemien. Vald i nære relasjonar er eit omfattande sosialt problem, folkehelseproblem, ikkje minst eit strafferettsleg problem og eit angrep på menneskerettar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014-2017; Goodman & Thomas et al., 2016). Ei undersøking frå NKVTS viser at 21,6 prosent av kvinner i Norge som har vore i eit parforhold, har blitt utsett for vald av partnaren (2014). I ein internasjonal samanheng har Verdas helseorganisasjon (WHO, 2021) etter ei undersøking, funne at ein tredjedel av kvinner – som tilsvarer omtrent 736 millionar – er utsett for fysisk- eller seksuell vald av ein partnar gjennom livet. Å oppleve partnervald kan medføre psykiske plagar og lidingar for det enkelte individ, som for eksempel kjensle av skam og posttraumatisk stresslidning. Det har òg konsekvensar i eit samfunnsøkonomisk perspektiv, gjennom auka behov for hjelp til blant anna psykisk- og fysisk helse, opphald på krisesenter og behov for sosialhjelp (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014-2017, s. 4).

1.1 Krisesenter og empowerment

I 2010 blei krisesenterlova innført i Norge. Den forpliktar alle kommunar til å sikre tilbod om krisesenter, til alle innbyggjarar utsett for vald i nære relasjonar (Bufdir, 2021). I Norge finnast det 44 ulike krisesenter og desse fungerer som eit lavterskel hjelpetilbod, som har spisskompetanse om vald i nære relasjonar. Krisesentera kan fungere som enten midlertidig butilbod, dagtilbod, telefontilbod eller tilbod om oppfølging i reetableringsfasen (Bufdir, 2021). Kompetansen til dei tilsette på krisesenter omfattar korleis ein kan gje vern, sikkerheit og rettleiing til valdsutsette, enten det er menn, kvinner eller barn (Bufdir, 2021). Auka kunnskapar om påkjenningane for dei som er utsett for vald, gjer at det er nødvendig med gode arbeidsmetodar i møte med dei valdsutsette på krisesenter (Berntsen, 2005, s. 4). I arbeid med

valdsutsette kvinner har det lenge vore konsensus om at empowerment er eit sentralt mål å jobbe mot (Kasturirangan, 2008; Cattaneo & Goodman et al., 2015). Av den grunn vil eg bruke empowerment som teoretisk utgangspunkt for å drøfte kva sosionomen kan bidra med i møte med valdsutsette kvinner, der konteksten er krisesenter.

1.2 Problemstilling og avgrensing

Problemstillinga i oppgåva blir derfor:

Korleis kan sosionomar fremme empowerment i møte med kvinner utsett for partnervald?

Eg har avgrensa oppgåva ved å legge til grunn krisesenter som eit bakteppe, sjølv om sjølve krisesenteret ikkje vil ha ein framtrødande plass. Fokuset blir derfor hovudsakleg på fremming av empowerment. Menn opplever så klart vald i nære relasjonar dei òg, men kvinner er i denne konteksten betydelig mykje meir forska på. Oppgåva omhandlar kvinner generelt, uavhengig av alder, legning eller nasjonalitet.

1.3 Teamet sin relevans for sosialt arbeid

Ifølge *Forskrift om nasjonal retningslinje for sosionomutdanning* (2019, § 2) skal sosionomar hjelpe menneske med å redusere og meistre sosiale- og helsemessige problem. Under paragraf åtte står det om kva slags kunnskapar sosionomar skal ha. Sosionomar skal kunne finne, vurdere og sette inn tiltak som lindrar og reduserer konsekvensane av vald, overgrep og omsorgssvikt, ovanfor barn og vaksne i alle aldrar (Forskrift om nasjonal retningslinje for sosionomutdanning, 2019, § 8). Som sosionom skal ein bruke si makt og innverknad til å hjelpe brukarar med å få auge på sine eigne ressursar og eigen kompetanse. Å mobilisere ressursane slik at dei får mest mogleg innverknad på eige liv, er derfor eit sentralt mål (Fellesorganisasjonen, 2019, s. 10). I den samanheng kan empowerment vere gjeldande som ein metode for å fremme makt, innverknad og deltaking. Empowerment er ei tilnærming som står sentralt i sosialt arbeid, noko som speglar seg av i den internasjonale definisjonen av sosialt arbeid: «Social work is a practice-based profession and an academic discipline that promotes social change and development, social cohesion, and the *empowerment* and liberation of people...» (International Federation of Social Workers, 2014). Som sosionomstudent ønsker eg sjølv å lære meir om temaet, noko som er hovudgrunnen for val av emne og problemstilling.

1.4 Definisjon og presisering av omgrep

1.4.1 Partnervald

Verdas helseorganisasjon (WHO, 2021) definerer *partnervald* som: «behaviour by an intimate partner or ex-partner that causes physical, sexual or psychological harm, including physical aggression, sexual coercion, psychological abuse and controlling behaviours». Som det kjem fram av definisjonen, kan vald kome i mange uttrykk og former, blant anna fysisk-, psykisk-, materiell-, seksuell-, økonomisk- og sosial vald (Lillevik, 2019, s. 19). Eg kjem til å legge fokuset på den fysiske- og psykiske valden kvinner blir utsett for.

Fysisk vald kan blant anna innebere dytting, slag, risting, å holde fast, bruke kvelartak og kasting av gjenstandar. Denne forma for vald er gjerne den som er mest synleg (Lillevik, 2019). *Psykisk vald* er derimot ikkje alltid like lett å identifisere (Lillevik, 2019, s. 18). Valdsutøvaren kan bruke ei rekke psykologiske strategiar for å undertrykke partnaren. Eksempel på det kan vere å true, fornærme, kritisere, kontrollere, i tillegg til å overvake all kommunikasjon personen har med andre (Davies & Lyon, 2013, s. 31). Ein meir tydeleg form for psykisk vald er direkte truslar eller audmjukande kommentarar (Lillevik, 2019).

1.4.2 Nokre språklege presiseringar

For å referere til målgruppa, kjem eg gjennom oppgåva til å anvende omgrepa *valdsutsett* og *kvinne* for dei som har opplevd vald i parforhold. I litteraturen brukast stort sett overlevande som omgrep, som skal vise til styrke og handlefridom hos kvinnene (Dunn, 2005, s. 21). Offer er eit anna omgrep som brukast i mykje av litteraturen (Davies & Lyon, 2013; Isdal, 2000). Davies og Lyon (2013) brukar omgrepet for å vise til skadane som valden påfører individa. Eg har likevel valt å bruke omgrepet *valdsutsett*, fordi det framstår meir nøytralt og legg ikkje føringar for innhaldet. Når det kjem til *empowerment*, blir omgrepet i mange tilfelle oversett til myndiggjering, men i norsk litteratur brukast begge omgrepa om kvarandre (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 103). Eg vel å bruke *empowerment*, ettersom dette inneheld «power», som viser til ein kjernefaktor i omgrepet. Når det gjeld hjelparen som skal jobbe med den valdsutsette, er det varierte omgrep som blir brukt i litteraturen eg viser til. Vel vitande om at det arbeider fleire yrkesgrupper på krisesenter, brukar eg konsekvent *sosionom*, ettersom det er denne profesjonen oppgåva sikter å legge fokus på.

1.5 Vidare oppbygging av oppgåva

Denne oppgåva er bygd opp av totalt fire delar. Etterfølgt av innleiinga kjem ein metode-, teori- og diskusjonsdel. I den neste delen av oppgåva vil eg gjere greie for framgangsmåten eg har brukt for å innhente relevant litteratur og forskning. Deretter vil eg presentere litteratur om vanlege konsekvensar av å ha opplevd vald i parforhold, før eg presenterer det teoretiske utgangspunktet for drøfting - empowerment. I den siste delen av oppgåva vil eg drøfte problemstillinga opp mot presentert litteratur og teoretisk utgangspunkt, før eg rundar av oppgåva med ein avsluttande kommentar.

2.0 METODE

Ein metode fortel oss korleis ein går fram for å skaffe ny kunnskap (Dalland, 2018, s. 51). I denne teoretiske oppgåva har eg brukt artikkelsøk og kjedesøk for å innhente kunnskap til å svare på problemstillinga. I tillegg har eg tatt i bruk tidlegare pensum frå studiet, som eg hadde kjennskap til frå før. I det følgjande vil eg gjere greie for korleis eg har gått fram i prosessen om å søke etter litteratur, samt ta for meg kva slags avgrensingar og fordelar val av litteratur har medført.

2.1 Søkeprosessen

For å finne artiklar, bøker og anna relevant litteratur har eg brukt databasane Oria, Idunn og Google Scholar. Etter å ha starta med å søke etter norsk litteratur i Oria og Idunn fann eg to bøker som ga innsikt i fenomenet vald i nære relasjonar og vald mot kvinner. På dette tidspunktet brukte eg søkeorda «vold» og «nære relasjonar». Eg innsåg fort at det finnast svært lite norsk forskning på dette feltet, og la derfor om strategien til å søke etter internasjonal forskning. Då søkte eg i Oria, Google Scholar og Scopus. Der brukte eg hovudsakleg søkeorda «empowerment», «domestic violence», «effects», «consequences», «shame», «depression», «PTSD», «intimate partner violence» og «IPV». Desse brukte eg både aleine, men òg i kombinasjon for å få meir konkrete artiklar som skulle passe til mi oppgåve. For å utvide søket i Oria, har eg endra til å søke i norske fagbibliotek, i staden for å berre søke i NTNU sitt universitetsbibliotek. For å avgrense søka mine starta eg med å søke etter artiklar frå 2010 og fram til i dag for å få opp den nyaste forskinga. Etter kvart har eg søkt etter eldre litteratur, fordi eg etter kjedesøk fann mykje relevant forskning og litteratur frå tidlegare år. Andre avgrensingar

eg har foretatt er å avgrense til fagfelleverdert tidsskrift, i dei databasane dette har vore mogleg, dette i forsøk på å finne vitenskaplege artiklar.

2.2 Fordelar og avgrensingar med valt litteratur

Fleire av studiane eg viser til er frå tidleg 2000-talet, og altså ikkje av nyaste forskning. Likevel har eg valt å bruke desse i nokre tilfelle, etter ei vurdering på kva slags samanheng eg brukar desse i. For eksempel der eg tar for meg følger av å oppleve vald har eg i nokre tilfelle vist til eldre forskning, fordi det er nok ikkje mindre sannsynleg å få PTSD-diagnose av å oppleve vald i dag, enn det det var for 20 år sida. Når eg har søkt etter vitenskaplege artiklar har eg sjekka at dei er fagfelleverdert. Om dette ikkje har vore mogleg å finne ut av, har eg sjekka at dei er vitenskaplege på andre måtar. Eg har forsikra meg om at forskarane er tilsett ved ein kunnskapsinstitusjon, eller om artiklane er vitenskapleg bygd opp med samandrag, innleiing, metode, presentasjon av resultat og konklusjon. For å vurdere pålitelegheita til fagbøkene eg har brukt, har eg undersøkt om forfattarane er tilsett ved kunnskapsinstitusjonar eller om dei er kjente namn innanfor faget. Utover dei vitenskaplege artiklane og fagbøkene eg har brukt mest av, har eg brukt andre informasjonskjelder for å understreke poenga eg kjem med. Dette er for eksempel handlingsplanar og NOU-ar frå offentlege instansar, og desse har eg stort sett funne gjennom kjedesøk.

Ettersom eg søkte etter internasjonal litteratur, har eg tatt i bruk litteratur som har utgangspunkt i ulike kontekstar og nasjonalitetar. Hovudsakleg har eg brukt amerikansk forskning og derfor kan kulturforskjellar spele inn. I tillegg er det ikkje sikkert at krisesenter i USA har dei same rammene og fokuset som norske krisesenter har. Dette kan derfor vere ein svakheit, ved at eg tar sikte på å drøfte problemstillinga mi i ein norsk kontekst. På den andre sida kan det at eg har brukt internasjonal forskning og litteratur vere ein fordel, gjennom at det bidrar til å få eit breiare blick på fenomenen eg studerer i oppgåva. Eg har derfor vurdert om refleksjonar og argument frå denne litteraturen kan ha overføringsverdi til ein norsk kontekst. Det har dessutan vore nødvendig med internasjonal forskning for ta eit ordentleg djupdukk i temaet eg ville undersøke i oppgåva, ettersom det er lite forskning å finne på dette feltet i ein norsk kontekst.

I neste del av oppgåva tar eg for meg nokre konsekvensar av å bli utsett for partnervald, før eg presenterer og utdjupar om teorien empowerment.

3.0 TEORETISK UTGANGSPUNKT

3.1 Nokre konsekvensar av å oppleve partnervald

Før ein kan sette inn tiltak som reduserer konsekvensane av vald, vil det vere nødvendig med kunnskap om kva slags konsekvensar partnervald kan få for det enkelte individ. Å bli utsett for vald i parforhold har mange helsekonsekvensar. Det kan eksempelvis få fysiske-, psykiske-, emosjonelle-, sosiale-, økonomiske- og strafferettslege konsekvensar og for ikkje å gløyme barn og familie som kan komme i risiko (Davies & Lyon, 2013, s. 19). Fysisk vald kan sjølvstgått få konsekvensar som for eksempel blåmerke, brotne bein og sår (Davies & Lyon, 2013, s. 20). Dette er eksempel på dei mest synlege teikna på at ein har opplevd vald, men å bli utsett for vald kan få konsekvensar på mange andre områder i livet, som ikkje er like synlege utad. Psykisk- og fysisk vald kan for den valdsutsette resultere i blant anna kjensler av stress, redsel, håpløyshe, skam, lav sjølvtilitt og rusmiddelavhengighet (Davies & Lyon, 2013, s. 31). Utover det kan ein få psykiske lidingar som posttraumatisk stresslidning, depresjon, angst og valden kan i yteste konsekvens resultere i død (Golding, 1999; NOU 2020:17; Afifi et al., 2009).

På grunn av omfanget av oppgåva, vil eg hovudsakleg legge fokus på dei psykiske- og sosiale følgene som vald i parforhold kan medføre. Det er gjerne slik at i augeblikken ein blir utsett for vald har ein fokus på situasjonen der og då, og korleis ein kan beskytte seg best mogleg. Det er ikkje før i etterkant at dei kjenslemessige reaksjonane kjem (Isdal, 2000, s. 146). Dei fleste kvinner som har vore utsett for fysisk- eller psykisk vald blir emosjonelt påverka av det i ein eller annan grad. Det viser seg at dess lenger ein er utsett for vald og dess større omfang, dess større er dei opplevde emosjonelle konsekvensane (Davies & Lyon, 2013, s. 34). Desse helsemessige konsekvensane kan vere både langvarige og kortvarige (Davies & Lyon, 2013; Lillevik, 2019).

3.1.1 Depresjon og posttraumatisk stresslidning

Depresjon og posttraumatisk stresslidning (PTSD) er dei to lidingane som er mest utbreitt blant kvinner utsett for partnervald (Golding, 1999, s. 126; Campbell, 2002, s. 1333). Ifølge Isdal (2000, s. 146) har vald eit potensial for å bli eit traume og definerast av han som «en overveldende opplevelse av tap av kontroll over en situasjon, og i ytterste forstand en opplevelse av redsel for å tape sitt liv». Isdal påpeikar at spesielt den fysiske valden kan opplevast som eit traume. Sterk vald vil stort sett alltid vere eit traume for den som utsettast for det, men valden treng likevel ikkje å vere brutal for å opplevast som eit traume. Det som er

avgjerande er kor skremt eller trua kvinna kjenner seg (Isdal, 2000, s. 147). PTSD er ei lidning ein kan få i etterkant av traumatiske hendingar (American Psychiatric Association, 2020). Dei som har PTSD har reaksjonar i lang tid etter dei traumatiske hendingane, som for eksempel forstyrrende tankar og ein kjenner seg gjerne ukonsentrert, sint, trist og redd. Det er òg vanleg å oppleve mareritt og «flashbacks», og ein kan ha sterke reaksjonar til situasjonar eller lydar som minner om den traumatiske hendinga (American Psychiatric Association, 2020).

Caetano og Cunradi (2003) har i ein studie sett på samanhengen mellom partnervald og depresjon i USA. Utfallet av analysa viser at depresjon har høgare førekomst blant kvinner utsett for partnervald versus dei som ikkje har opplevd det (s. 664). Fleire andre studiar viser den same samanhengen (Anderson et al., 2003; Arboleda-Florez & Wade, 2001). Depresjon definerast av American Psychiatric Association (2020) som ein alvorleg psykisk sjukdom der ein kjenner seg nedstemt og har mangel på interesse av ting ein likte før. Andre symptom kan vere mangel på matlyst, lavt energinivå og søvnforstyrningar. Desse symptoma må vere vedvarande i minst to veker og dei må representere ei endring i ditt funksjonsnivå for at ein skal få diagnosen (American Psychiatric Association, 2020).

3.1.2 Skam og skuld

Negative emosjonar som skam og skuld kan forekomme som etterverknader av opplevd vald. I ein studie av Beck et al. (2011) viste PTSD betydelege korrelasjonar med skam og skuldrelaterte plagar, i etterkant av opplevd partnervald. Ein svensk, kvalitativ studie viser òg at skuld og skam er utbreitt hos dei valdsutsette kvinnene i studien (Scheffer & Renck, 2008). I denne studien kjem det fram at informantane har betrakta seg sjølv som sterke personar i utgangspunktet. Derfor skammar dei seg for å ha blitt manipulert og krenka av valdsutøveren, samtidig som dei kjenner på skuld for å ha plassert seg sjølv i ein slik situasjon og i eit slikt forhold (Scheffer & Renck, 2008). Askeland et al. (2002, s. 75) skriv om noko av det same, der det å ikkje forlate partnaren første gongen ein opplever vald – og at å finne seg i alt for mykje – kan medføre ei kjensle av skam. Lewis (1971, sitert i Beck et al., 2011, s. 741) skildrar skam som ei negativ vurdering av seg sjølv. Dette viser seg gjerne ved at personen skildrar seg sjølv som ein dårleg eller uverdigg person. Når det gjeld skuld, viser det til ei negativ vurdering av ei handling eller ei handling ein ikkje tar. Dette kan komme til uttrykk ved at personen med skuldkjensle meiner ho burde visst betre. Det er eit skilje mellom dei to emosjonane, ettersom skuld referer til ei bestemt handling, medan om ein person kjenner på skam, evaluerer personen

heile seg sjølv i ei negativ form. Derfor meiner Lewis at skuld påfører mindre psykologiske vanskar enn det skam gjer (Lewis, 1971, sitert i Beck et al., 2011, s. 741).

3.1.3 Isolasjon og lav sjølvtilitt

Stark (2013) og Davies og Lyon (2013) skildrar isolasjon som eit fenomen ved kontrollerande parforhold. Grunnar til at valdsutøveren vil isolere partnaren kan blant anna vere for å unngå å bli avslørt, for at partnaren skal bli enda meir avhengig og for å hindre at partnaren søker hjelp (Stark, 2013, s. 27; Davies & Lyon, 2013, s. 31). Dermed blir valdsutøveren den einaste kjelda til informasjon og validering for den valdsutsette. Isolasjon rammer spesielt vennene og familien til den valdsutsette og mange kvinner isolerer seg sjølv for å beskytte nettopp sine nære og kjære. Som ein følge av isolasjon blir kvinna sitt nettverk dermed svakare (Askeland et al. 2002, s. 74). Ein annan konsekvens av isolasjon, er at det kan resultere i ein normaliseringsprosess. Isdal (2000, s. 233) brukar omgrepet om personar som har vanskar med å identifisere at det dei opplever, er vald. Dette skjer fordi det har blitt så vanleg at ein ikkje lenger har behov for å problematisere fenomenet. Den valdsutsette har ikkje lenger andre å samanlikne seg med, slik at det ho opplever kan bli oppfatta som normalt. Dette kan òg skje på bakgrunn av kultur, ved at innanfor nokre kulturar er vald meir normalisert, slik at den heller ikkje blir problematisert. Normalisering bidrar til å rettferdiggjere valdelege handlingar, samtidig som det legg ansvaret over på den valdsutsette (Isdal, 2000, s. 233).

Ifølge Davies og Lyon (2013, s. 16) kan dei psykologiske strategiane ein partnar brukar for å undertrykke partnaren, føre til at kvinna får lav sjølvtilitt. Valdsutøveren har som mål å fjerne kontrollen til den valdsutsette og dermed blir hennar autonomi, draumar, tankar og idear undergrave. Med andre ord blir hennar handlingsfridom hemma, som ei følge av kontrollen. Desse faktorane kan òg gjere at den valdsutsette tvilar på seg sjølv (Davies og Lyon, 2013). Stark (2013) har i sin praksis med valdsutsette kvinner, møtt kvinner som vitnar om å bli kontrollert og isolert i parforhold. Mange fortel at dette er mykje verre enn den fysiske valden. Årsaken er at deira emne til å ta sjølvstendige val blir undertrykt, noko som blant anna er med på å vanskeleggjere motstand og flukt.

I det følgande vil eg presentere eit overblikk over det teoretiske perspektivet empowerment.

3.2 Empowerment

Ifølge Askheim (2012, s. 11) kan kjernen i omgrepet empowerment – *power* – oversettast til kraft, styrke og makt. Derfor brukast omgrepet i tilknytning til menneske i ein avmaktssituasjon og korleis dei kan komme seg ut av avmakta (Askheim, 2012, s. 11). Det finnast mange definisjonar av omgrepet, men kjerna i dei fleste inneber ei auking i makt. Cattaneo og Goodman (2015, s. 84) definerer empowerment som: «... a meaningful shift in the experience of power attained through interaction in the social world». Ifølge Cattaneo og Chapman (2010, s. 647) kan ikkje omgrepet brukast utan å sjå individet i samheng med si sosiale omverd. Dei hevdar dermed at auka makt inneber auking av innverknad eller makt i sine sosiale relasjonar. Dette gjeld både i dyadiske relasjonar, men òg i samhandlinga mellom individ og system.

Empowerment-omgrepet brukast i ei rekke samanhengar og blir tillagt ulikt innhald i ulike kontekstar. Eit hovudskilje går mellom empowerment som etablering av motmakt og empowerment som individorientert tilnærming (Askheim, 2012; Ellingsen & Skjefstad, 2015). Førstnemnte viser til empowerment som opprinneleg har sitt utspring i reformarbeid, for å auke dei undertrykte sin innverknad i samfunnet (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 104). Den individorienterte tilnærminga fokuserer på innverknad på eige liv og moglegheita til å delta i samfunnet på lik linje med andre (Rappaport, 1987, sitert i Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 105). Slettebø (2000, s. 76) skildrar empowerment innanfor sosialt arbeid som ei tilnærming med fokus på makt, maktesløyse og undertrykking. Ikkje minst ser ein på korleis denne maktesløysa påverkar individ og grupper. Forutan inndelinga i individorientert tilnærming og etablering av motmakt, blir empowerment omtalt både som mål, som prosess og som metode (Cattaneo & Goodman, 2015; Slettebø, 2000). At empowerment blir sett på som både prosess og som mål meiner Cattaneo og Goodman (2015, s. 86) er ei utfordring for å få til ein klar definisjon av omgrepet. Ellingsen og Skjefstad (2015, s. 104) hevdar i tillegg at det kan vere vanskeleg å skilje mellom empowerment som mål og som prosess i praksis, fordi empowerment som prosess òg vil kunne ha empowerment som mål.

3.2.1 Empowerment som mål

Empowerment som mål eller utfall, handlar om at individ eller grupper tar sikte på å auke si makt i forsøk på å betre sin livssituasjon. Ved auka makt kan ein dermed endre på forhold som forårsakar problema ein er konfrontert med (Slettebø, 2000, s. 77). Perez et al. (2012) viser i sin studie til empowerment som noko valdsutsette skal oppnå, gjennom opphald på krisesenter.

Då er for eksempel eit utfall ved å få hjelp på senteret, å oppnå betre sjølvtilitt, positiv sjølvevaluering, ferdigheiter og tilgang til sosiale- og samfunnsressursar (Perez et al., 2012, s. 104). I ein slik samanheng blir det naturleg å vurdere på slutten av eit opphald om kvinna har oppnådd auka makt eller innverknad i sine sosiale relasjonar (Cattaneo & Goodman, 2015, s. 86).

3.2.2. Empowerment som metode

Å bruke empowerment som metode inneber ifølge Slettebø (2000, s. 77) faktorar som ressursorientert tilnærming, fokus på likeverd, partnerskap og samarbeid, brukarmedverknad, maktanalyse av brukaren sin situasjon og mobilisering av ressursar. Ei ressursorientert tilnærming baserer seg på eit positivt menneskesyn, der ein har ei grunnleggande tru på at menneske innerst inne veit kva som er best for seg sjølv og sin situasjon (Slettebø, 2000, s. 77). Med likeverd meiner Slettebø at den profesjonelle sin kunnskap ikkje skal bli sett på som overlegen i forhold til brukaren. Derimot skal kunnskapen og erfaringane til brukaren ha same status som den profesjonelle. Derav kjem partnerskap og samarbeid som viktige faktorar ved metoden. Brukarmedverknad står i tillegg sentralt, då dette viser til at brukaren skal ha innverknad på val som har betydning for sitt eige liv. Slettebø framhevar deretter viktigheita av å foreta ei maktanalyse av brukaren sin situasjon. Dette krev at den profesjonelle har kunnskap om maktstrukturar i samfunnet og kan hjelpe brukaren til å få auge på desse og korleis desse er med på å skape problem for individet. Til slutt trekkjer Slettebø fram sosionomen si rolle gjennom å mobilisere ressursar. For at brukaren skal kjempe for sine interesser er det i mange tilfelle behov for både materielle og menneskelege ressursar (Slettebø, 2000, s. 78).

3.2.3 Empowerment som prosess

Ifølge Kasturirangan (2008, s. 1467) burde empowerment vere ein prosess der kvinnene sjølv engasjerer seg, og gjennom dette opplever auka kontroll og meistring over sitt eige liv. Både Cattaneo og Chapman (2010) og Slettebø (2000) viser til empowerment-prosessen som oppbygd av delkomponentar. Nokre av desse komponentane er auking av sjølvtilitt og auking av kompetanse (Slettebø, 2000). Ifølge Cattaneo og Chapman (2010) inneber ein empowerment-prosess desse delkomponentane: (1) Å sette personlege-, meningsfulle- og maktorienterte mål, (2) kjensle av meistring, (3) kunnskap, (4) kompetanse, (5) handling og sist, men ikkje minst (6) innverknad. I denne prosessen meiner Slettebø (2000) at brukaren skal få auka medvit om sin eigen situasjon som del av eit større samfunnsproblem, ikkje berre som eit personleg problem. Cattaneo og Goodman (2015, s. 86) kjem med eit eksempel som illustrer

prosessen i kontekst av partnervald: Ei kvinne kan ta skritt mot å auke sin eigen sikkerheit, og deretter innsjå kva slags innverknad dette får, og kanskje skjønne at ho treng fleire ressursar for å oppnå målet. Dette viser at empowerment-prosessen ikkje er lineær, men at det er ein kontinuerleg prosess der ein fleire gongar kan endre på sine mål. Når dette er sagt, er ikkje empowerment noko ein som sosionom kan gje til den valdsutsette. Det er derimot ein prosess som sosionomen kan legge til rette for, og som ein kan støtte kvinna gjennom (Cattaeneo & Chapman, 2010, s. 656).

3.3 Kvifor er empowerment ønskeleg i arbeid med valdsutsette?

Heilt i frå starten har rørsla for motstand mot vald i nære relasjonar, jobba ut i frå at empowerment er eit sentralt mål for valdsutsette kvinner. Dette har vore basert på tanken om at kvinnene ville ta tilbake den makta som valdsutøvaren hadde tatt i frå dei, og at dette skulle bidra til rehabiliteringa (Cattaneo & Goodman, 2015, s. 84). Ifølge Cattaneo og Goodman (2015, s. 85) er det fleire grunnar til at empowerment er ønskeleg i arbeid med valdsutsette kvinner. For det første fordi omgrepet samsvarer med verdiar for feminisme og sosial rettferd. Desse verdiane er å finne si stemme, fokus på styrke og å komme seg ut av undertrykking. Desto viktigare, viser Cattaneo og Goodman til fleire studiar som viser ein samanheng mellom empowerment og god helse. For eksempel i ein longitudinell studie med rettssystemet som kontekst, viser det seg at empowerment var ein kjernefaktor for utfall som god mental helse og tryggleik (Cattaneo & Goodman, 2010). Denne studien omhandla valdsutsette som opplevde å bli høyrte og som kjente at dei oppnådde det dei ønska i rettssystemet. Vedkommande rapporterte seks månadar seinare om mindre depresjon og høgare livskvalitet (Cattaeneo & Goodman, 2010).

Oppsummert viser forskning at empowerment kan bidra til ønskelege utfall på områda psykisk helse, sikkerheit og tilfredsheit med hjelpa (Cattaneo & Goodman, 2015, s. 86). Song (2012) har i ein studie sett på kva som kan vere viktige faktorar for vekst og rehabilitering hos kvinner utsett for partnervald. Her viser det seg at rehabiliteringa blei tilrettelagt av faktorar som eit påliteleg forhold med profesjonelle, i dette tilfellet sosionomar, positiv støtte frå familie og venner, forbetra sjølvtilit, samt mestringsstrategiar. Funn frå studien til Perez et al. (2012) viser til dei viktige rollene til sikkerheitsplanlegging, tilførsel av ressursar og fremming av empowerment. Denne studien viser òg at empowerment er ein beskyttande faktor for PTSD-symptom. Faktorane i begge desse studia (Song, 2012; Perez et al., 2012) samsvarer med samtlige empowerment-prinsipp som Slettebø (2000) og Cattaneo og Chapman (2010) har

gjort greie for. Fleire av desse momenta vil eg gå nærare inn på i neste del, når eg skal drøfte korleis sosionomar kan fremme empowerment hos valdsutsette kvinner.

4.0 KORLEIS FREMME EMPOWERMENT HOS VALDSUTSETTE KVINNER

Krisesenter skal vere ein plass som gjev valdsutsette moglegheit til å begynne å jobbe mot å få tilbake deira sjølvstendigheit i eit trygt miljø, der det endelege målet er at dei skal få slutt på valden dei opplever i livet (Perez et al. 2012, s. 103). Ifølge Stark (2013, s. 22) er det minst like viktig å jobbe med å gjenopprette kvinna si evne til å ta sjølvstendige val, som å jobbe for sikkerheit. Med andre ord empowerment når det kjem til sikkerheit og sjølvstendigheit. Ifølge Ellingsen og Skjefstad (2015, s. 105) kan ein som sosionom fremme eller hemme empowerment-prosessen. Med dette som bakteppe, skal eg no ta sikte på å drøfte problemstillinga; *korleis kan sosionomar fremme empowerment i møte med kvinner utsett for partnervald?* Med den presenterte forskinga og det teoretiske perspektivet som bakgrunn tar eg utgangspunkt i sikkerheitsplanlegging gjennom brukardefinert praksis, kritisk medvit, ressursmobilisering og auking av sjølvtilit som sentrale faktorar for å fremme empowerment. Til slutt vil eg ta for meg moglege utfordringar som kan dukke opp i arbeidet med å legge til rette for empowerment. Nærare bestemt er dette rammer og ressursar som ei hindring for empowerment, og konflikt mellom sosionomen si faglege oppfatning og omsynet til kvinna si rett til empowerment.

4.1 Sikkerheitsplanlegging gjennom brukardefinert praksis

Når målet er å fremme empowerment, betyr det som nemnt å auke individet si makt eller innverknad i si sosiale omverd. Viss ein tar utgangspunkt i den metodiske tilnærminga til Slettebø (2002), kan ein fremme empowerment ved å legge fokus på partnerskap, brukarmedverknad og samarbeid. Innhaldet i dette samsvarar med det Davies og Lyon (2013) kallar *brukardefinert praksis*. Det som ligg i omgrepet er blant anna eit fokus på brukaren sine behov og ønsker (Goodman et al., 2016, s. 164). Her ligg det til grunn ei forståing om at kvinner som har opplevd vald av ein partner – akkurat som resten av befolkninga – er ei heterogen gruppe. Dei har ulik kultur, bakgrunn, sosial klasse, seksuell legning, familiesituasjon og så vidare. Derfor varierer deira behov som ein følge av konteksten (Goodman et al., 2016, s. 165). Brukardefinert praksis har i ein studie av Goodman og Thomas et al. (2016) vist seg å ha

ein samanheng med *sikkerheitsrelatert empowerment*. Det som ligg i dette omgrepet er opplevinga av makt og kontroll når det gjeld å halde seg trygg frå fysisk- og psykisk vald (Goodman et al., 2015, s. 357).

Ifølge Davies og Lyon (2013) er brukardefinert praksis ein måte å jobbe på, der kvinna sjølv definerer kva ho treng hjelp med. Dette skjer i eit partnerskap mellom sosionomen og kvinna. Kvinna har sjølv sagt kunnskap og erfaringar om opplevinga og etterverknadane av valden, medan sosionomen skal bidra med blant anna støtte, analyse og tilgang til moglegheiter (Davies & Lyon, 2013, s. 3). Sosionomen kan umogleg få det fulle bildet av korleis det er å oppleve vald. Davies og Lyon (2013, s. 16) meiner derfor at det trengst ein praksis der den valdsutsette blir satt i ein posisjon der ho kan ta eigne val. Dette hevdar dei er ein viktig del av vegen til eit betre liv og tryggleik. Det inneber altså at ho får definere sine eigne prioriteringar og kva ho ønsker – rett og slett å ha makta. Ein konkret måte å legge til rette for brukardefinert praksis på, kan ifølge Davies og Lyon (2013, s. 3) vere ved at sosionomen blir kjent med perspektivet til den valdsutsette. Deretter framhevar dei arbeid med partnerskapet mellom sosionomen og den valdsutsette, som ein viktig faktor.

4.1.1 Å ta den andre sitt perspektiv

Å legge til rette for brukardefinert praksis samsvarer med fleire prinsipp frå sosialt arbeid. Å starte der klienten er, refererer til å prøve å forstå og sette seg inn i situasjonen til klienten (Levin & Ellingsen, 2015, s. 117), noko som er sentralt ved brukardefinert praksis. Dette inneber å bli kjent med den valdsutsette sin livssituasjon, hennar prioriteringar, samt hennar risikoanalyse og sikkerheitsplan (Davies og Lyon, 2013, s. 3). Davies og Lyon (2013, s. 11) understreker derfor viktigheita av å spørje om kva som er viktig for ho. Det er nødvendig å ta tak i kva det er kvinna opplever som mest presserande der og då. Dette inneber å prate om kva slags strategiar ho har brukt før, nemleg å forstå kva det er som har gjort ho tryggare og kva som har forverra valden. Det er i tillegg viktig å ta for seg hennar vurdering av forholdet til valdsutøveren og om ho ønsker å bli eller forlate partnaren. Utan ei slik forståing av hennar situasjon, kan ikkje sosionomen jobbe for å hjelpe kvinna å bli tryggare (Davies og Lyon, 2013, s. 11). Davies og Lyon påpeikar at arbeidet ikkje stoppar ved å prøve å forstå og sette seg inn i perspektivet til den valdsutsette. Å prøve å forstå den andre, dersom det er gjort med medkjensle, vil likevel vere eit viktig grunnlag for eit godt partnerskap (Davies og Lyon, 2013, s. 12).

4.1.2 Partnerskapet mellom valdsutsett og sosionom

Brukardefinert praksis er basert på partnerskap, altså relasjonen mellom den valdsutsette og sosionomen. Ifølge Slettebø (2000, s. 78) kjenneteiknast partnerskap av eit subjekt-subjekt forhold. Herunder meiner Slettebø at dersom kontakta med ein hjelpar skal bidra til å aktivisere brukaren sine eigne ressursar, må det skje i eit tillitsforhold mellom partane. Utover det, trekker Davies og Lyon (2013, s. 3) fram viktige faktorar som å jobbe saman med å analysere risikoar, og identifisere moglegheiter som finnast for akkurat den kvinna. Dette inneber hennar prioriteringar, i tillegg til kva slags farar som kan oppstå. Her er det òg kvinna sitt perspektiv som driv arbeidet. Ei slik kartlegging av trusselbildet til kvinna, vil kunne bidra til å få ei oversikt over valdsutøvaren og hans aktivitet (Berntsen, 2005, s. 30). Som sosionom skal ein i dette tilfellet vurdere og foreslå eigna tiltak som kan betre sikkerheita til kvinna (Berntsen, 2005, s. 30; Davies og Lyon, 2013, s. 3). Som følge av kartlegginga er det viktig at det blir sett i gong tiltak som passar til trusselbildet. Slike tiltak kan ifølge Berntsen (2005, s. 30) vere eksterne tiltak, som for eksempel besøksforbod, anmeldelse, valdsalarm, namnendring, hemmeleg adresse og så vidare. Det kan òg vere interne tiltak som at kvinna ikkje oppheld seg på stader der valdsutøvaren pleier å opphalde seg. Det er viktig at kvinna får eit eigarskap til ein slik sikkerheitsplan, slik at ho kan auke sin kontroll og autonomi, og samtidig ikkje bli for avhengig av sosionomen som støtteperson (Roberts, 2007, s. 28).

I ein studie frå Goodman et al. (2016) undersøkte dei forholdet mellom valdsutsett og hjelpar. Det viste seg at ein sterkare allianse var linka til reduserte depressive- og PTSD-symptom når det gjeld sikkerheitsrelatert empowerment. Med andre ord gjorde opplevinga av makt og kontroll over sin eigen tryggleik til at den valdsutsette opplevde reduserte symptom av dei psykiske lidingane. I studien av Song (2012) viste dei valdsutsette sitt forhold til sosionomen ein betydelig samanheng med både empowerment og opplevde endringar. Song (2012, s. 1130) hevdar derfor at sosionomar kan bruke forholdet som eit middel for å legge til rette for endring hos sine brukarar. Song påpeikar vidare at forholdet er betydelig i arbeid med valdsutsette som har levd med isolasjon og har lav sjølvtilit, på grunn av langsiktige erfaringar med undertrykking. Dette meiner ho kan opne ein ny horisont for dei valdsutsette. Her blir det viktig med aksept frå sosionomen, i form av at dei valdsutsette blir sett på som viktige og unike menneske. Det er denne aksepten som kan føre til endring i den valdsutsette si sjølvoppfatning, føre til håp for framtida, samt bidra til å omdefinere tidlegare erfaringar (Song, 2012, s. 1131).

4.2 Kritisk medvit og refleksjon

Dei fleste av dei som deltar i ein empowerment-prosess startar i ein posisjon av avmakt (Kieffer, 1984). Å bli utsett for vald inneber ifølge Isdal (2000, s. 145) å vere i ein avmaktsposisjon, i form av at ein ikkje klarar å unngå å bli påført noko ein ikkje ønsker. Isdal understreker at det vil variere kor avmektig ein kjenner seg ut i frå omfanget av valden ein opplever. Mange har dessutan ofte internalisert devaluering, altså at dei tillegg seg sjølv overdrivne negative kvalitetar. Med andre ord internaliserer dei undertrykkinga og dermed tvilar på seg sjølv (Slettebø, 2000, s. 79). Ifølge Ellingsen og Skjefstad (2015, s. 106) krevst det ein open og kritisk dialog, om ein skal lukkast med å legge til rette for empowerment. Ved å foreta ei maktanalyse gjennom kritisk dialog kan den valdsutsette i lag med sosionomen oppnå meir medvit om sin eigen situasjon, sett i forhold til samfunnsstrukturar. Dette kallast ofte kritisk medvit og omtalast som ein prosess der målet er at den undertrykte kan sjå vekk i frå den reine individorienterte analysen (Slettebø, 2000, s. 79). Den valdsutsette kan på denne måten få auge på barrierar for å få tilgang på ressursar, samt kvifor og korleis desse har oppstått (Kasturiangan, 2008, s. 1467). Etter ei slik kartlegging, blir det først mogleg å sjå på kva slags moglegheiter det er for å oppnå auka makt og styring over eige liv (Slettebø, 2000, s. 78). Ifølge Kasturirangan (2008, s. 1473) kan utviklinga av kritisk medvit føre til mindre klandring av seg sjølv. Vidare påpeiker ho at det kan føre til utvikling av strategiar som får slutt på valden og til endringar i faktisk tilgang på ressursar.

I denne fasen trekker Slettebø (2000, s. 78) fram viktigheita av kollektive arbeidsmåtar, som for eksempel gruppearbeid. Carr (2003) foreslår at å samle fleire kvinner til små gruppeprosessar er svært effektiv for empowerment-prosessen. Gruppearbeid i sosialt arbeid er ein metode som tar sikte på å mobilisere gruppa sine ressursar og betre den enkelte sin situasjon (Kleppe, 2015, s. 135). Kleppe påpeikar at sosionomen i dette tilfellet skal legge til rette for endringsarbeid, gjennom å leie gruppa. Eit viktig poeng er at gruppa skal jobbe med mål dei i fellesskap har sett seg. Ifølge Ellingsen og Skjefstad (2015, s. 104) kan det vere lettare å synleggjere undertrykkande strukturar i samfunnet ved å organisere seg saman, enn når ein står aleine. Gjennom deling av erfaringar er det lettare for gruppemedlemmene å få nye perspektiv på sin eigen situasjon og innsjå at det er fleire moglege måtar å oppnå endring på (Kleppe, 2015, s. 136). Viss ein ser dette opp i mot den normaliseringsprosessen som ofte finn stad hos valdsutsette (Isdal, 2000), kan det å jobbe i grupper kanskje bli ein moglegheit til å problematisere valden dei har opplevd. Ei anna positiv effekt ved denne arbeidsmetoden, er at

deltakarane kan få større nettverk. Dette kan vere spesielt heldig for dei som har levd i sosial isolasjon og derfor har eit avgrensa nettverk (Kleppe, 2015, s. 136), noko som mange valdsutsette har (Askeland et al., 2002).

4.3 Ressursmobilisering

Sosionomen har ifølge Slettebø (2000) ei viktig rolle gjennom å mobilisere ressursar. Dette er ein måte å legge til rette for empowerment på og hjelpe kvinna med å komme ut av ein vanskeleg livssituasjon (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 104; Slettebø, 2000). Dette vil gjelde både materielle- og menneskelege ressursar, både ibuande ressursar hos kvinna, samt ressursar i omgjevnadane (Slettebø, 2000). Som ein følge av partnervald kan mange miste tilgang på viktige ressursar, som for eksempel ein trygg bustad og økonomisk tryggleik. Derfor fokuserer mange krisesenter på innhenting av ressursar for dei valdsutsette (Roberts & Burman, 2007). I studien til Perez et al. (2012) viser det seg at å skaffe ressursar positivt påverkar grada av PTSD-symptom. Derfor understreker dei i denne studien viktigheita av ressursinnhenting for valdsutsette ved krisesenter (Perez et al., 2012). For å eksemplifisere dette, skal eg no trekke fram støtte frå nettverk, samt auking av kunnskap og kompetanse, som to viktige ressursar å mobilisere.

4.3.1 Støtte frå nettverk

Ettersom mange valdsutsette i stor grad har levd i sosial isolasjon blir sosial støtte ein viktig ressurs å mobilisere (Stark, 2013, s. 32). Ifølge Cattaneo og Goodman (2015) er støtte frå nettverk ein kritisk komponent for empowerment som prosess og som utfall. Dette viste seg òg i studien til Song (2012), der sosial støtte viste korrelasjon med empowerment og tilfredsheit. Både uformelt nettverk som vennar og familie, men òg støtte frå det formelle nettverket, som for eksempel hjelpeinstansar, vil spele ei rolle her (Cattaeneo & Goodman, 2010, s. 91). Derfor blir ei viktig rolle for sosionomen å jobbe nettverksorientert og bidra til å mobilisere nettverket til kvinna (Goodman & Smyth, 2011; Song 2012). Nærare bestemt inneber det hjelp til å oppretthalde, reparere eller utvide støttesystemet til kvinna (Song 2012, s. 1131). Det uformelle nettverket kan vere ein viktig ressurs, ettersom vennar og familie ofte kjenner kvinna betre enn det ein hjelpeinstans gjer (Goodman & Smyth, 2011, s. 81). Derfor kan dei kanskje hjelpe kvinna på ein måte som samsvarer betre med hennar behov og preferansar. I tillegg har det uformelle nettverket ikkje systemet sine rammer å ta omsyn til, slik som for eksempel tidsfristar, noko det formelle nettverket må gjere (Goodman & Smyth, 2011, s. 81). Det uformelle nettverket kan vere ein viktig ressurs gjennom å bidra med ein plass å bu, økonomisk

hjelp, barnepass eller emosjonell støtte (Goodman & Smyth, 2011, s. 81). Dette nettverket kan med andre ord bidra med ting som passar til kvinna sin identitet, som kanskje ikkje er synleg for sosionomen på krisesenteret (Goodman & Smyth, 2011, s. 81), og fungerer derfor som eit viktig tillegg.

4.3.2 Kunnskap og kompetanse

Det er varierende i kva grad den valdsutsette har dei nødvendige kunnskapane og kompetansen for å auke sin innverknad eller makt. Som eit eksempel kan dette vere kunnskap om hjelpesystemet. Nokre har erfaring med liknande system som krisesenter og treng berre litt praktisk informasjon og hjelp. Andre igjen, kan oppleve at hjelpesystemet er svært komplekst og vanskeleg å navigere i, og desse kvinnene treng derfor mykje støtte over tid (Cattaneo & Goodman, 2015, s. 91). Som eit anna eksempel kan rettssystemet vere forvirrende og vanskeleg å forstå seg på. Her blir det nødvendig for sosionomen å legge til rette for auking av kunnskapen og kompetansen til kvinna. Cattaneo og Goodman (2015, s. 91) trekker fram ein måte å lære nye ferdigheiter på, nemleg ved å ta i bruk rollespel. Dette kan ein gjere for å øve på korleis ein skal prate med dommaren i ein rettssak, og på den måten kan kompetansen til kvinna auke. Andre måtar å mobilisere ressursar på, kan vere å kople kvinna opp mot jobbtrening, dersom det å få ein jobb er eit mål for kvinna. På denne måten kan ho auke sin tilgang på ressursar (Cattaneo og Goodman, 2015, s. 91). Å delta på jobbtrening og på den måten auke moglegheitene for få seg ein jobb, vil kunne bidra til at kvinna blir mindre avhengig av valdsutøveren, og vil dermed innebere ei auking av makt.

4.4 Auking av sjølvtilitt og kjensle av meistring

Å auke sjølvtilitt og kjensle av meistring, er sentralt ved den individorienterte tilnærminga til empowerment (Slettebø, 2000; Cattaneo og Chapman, 2010). Som det står skrive i NOU 2003:31 (s. 60), er det sentralt å arbeide med auking av sjølvtilitt som eit svar på den skamma mange valdsutsette kjenner på. Både normalisering av valden og kjensle av skam, kan hindre valdsutsette i å formidle det dei opplever eller har opplevd til andre (Isdal, 2000, s. 234). Derfor blir det svært viktig å gje stadfesting på historia deira, når dei først vil fortelle. På den måten motverkar ein bagatellisering av valden som ofte finn stad i ein normaliseringsprosess (NOU 2003:31, s. 60). Utover dette blir det viktig å normalisere reaksjonane kvinna har, slik som sorg, sinne og andre psykiske plagar (Berntsen, 2005, s. 42; NOU 2003:31, s. 60). I ein studie av Lloyd et al. (2017) var det å erkjenne at kvinnene ikkje er ansvarlege for å bli utsett for vald, ein essensiell del av kvinner si rehabilitering.

Sjølvtillit er tett knytt til kjensle av meistring, og dette handlar om trua ein har på eiga evne til å oppnå det ein ønsker. Å auke kjensla av meistring er derfor ein viktig del av empowerment-prosessen når ein skal jobbe med å oppnå dette målet (Cattaneo & Chapman, 2010). Denne prosessen vil vere svært ulikt frå person til person, akkurat som resten av empowerment-prosessen. For nokre blir det å bygge opp ferdigheiter og kompetanse svært viktig for å kjenne at ein har evne til meistring (Cattaneo & Goodman, 2015), slik eg tok for meg i punkt 4.3.2. For andre med ei meir nedbroten kjensle av meistring, vil det vere svært tidkrevjande å bygge opp sjølvtilliten. Desse treng derfor mykje støtte og det trengst meir enn oppbygging av ferdigheiter (Cattaneo & Goodman, 2015, s. 91). For eksempel kan dei trenge å bygge kritisk medvit, høyre frå ein sosionom at det dei har oppnådd er bra, eller at dei får tett støtte frå sosionomen gjennom følge til hjelpeinstansar dei måtte trenge.

4. 5 Moglege utfordringar ved å legge til rette for empowerment

Uansett kor mykje innsats ein som sosionom legg inn for å fremme empowerment, kan ein bli hindra av ulike faktorar. Ifølge Askheim (2012, s. 133) vil det å realisere empowerment-prinsippa i praksis bety å forholde seg til samtlege dilemma. Dette kan omhandle mangel på ressursar, system og strukturar, mangel og ikkje minst verdier og omsyn som står mot kvarandre.

4.5.1 Rammer og ressursar som ei hindring for empowerment

Ei utfordring ved å legge til rette for empowerment kan vere at dei eksterne ressursane som er nødvendige for den valdsutsette, ikkje er tilgjengeleg eller oppnåelege (Davies & Lyon, 2013, s. 4). Dette kan for eksempel vere vanskar med å finne ein trygg bustad, å oppnå økonomisk tryggleik eller avgrensa tilgang til arbeidsmarknaden slik eg tidlegare har nemnt. Eit anna moment gjeld kvinnene sine ibuande ressursar, og at eit einseitig fokus på dette kan føre til at kvinna kjenner at ho ikkje blir høyrtd (Ellingsen og Skjefstad, 2015, s. 106). Slettebø (2000, s. 77) er òg inne på noko av det same, når han hevdar at å einseitig fokusere på kvinner sine ressursar kan bidra til å tilsløre behovet brukaren har for hjelp. Derfor kan kvinnene oppleve at det er vanskeleg å be om hjelp.

Eit anna hinder kan vere strukturane og rammene rundt (Ellingsen og Skjefstad, 2015, s. 106). Dette kan gjelde rammer for kva som blir sett på som riktig praksis i ulike situasjonar. Eit eksempel på slike rammer som kan hindre empowerment kan vere reglar på krisesenteret. I ein

studie av Gregory et al. (2021) ser dei på reglar ved krisesenter og korleis desse kan hemme empowerment. Det er mange krisesenter som har strenge reglar, som for eksempel faste tidspunkt for måltid, krav om husarbeid og deltaking på faste husmøte. Tanken har vore at reglane har blitt sett for å sikre tryggleik for kvinnene, sjølv om desse reglane er i sterk motstand til empowerment-filosofien (Gregory et al., 2021, s. 405). Det er fleire som hevdar at reglane liknar dei same kontrollerande dynamikkane som kvinnene har opplevd i dei valdelege forholda. Gregory (et al., 2021, s. 405) påpeikar likevel at det manglar empirisk bevis for desse påstandane. Utfallet av denne studien viste at samla sett fungerte desse reglane som hemmande på empowerment-prosessen, i form av at dei avgrensa kvinnene sine evner til å ta eigne val om sitt eige liv. Vatne og Holth (2018) er inne på det same, der dei påpeiker at kvinner som oppheld seg på krisesenter ofte har levd i undertrykking og sterk sosial kontroll. Av den grunn har mange av bebuarane ikkje lært å velje, men er derimot vant med å gjere som dei blir fortalt. Dei hevdar derfor at ei regelstyrt tilnærming på krisesenter kan verke mot sin hensikt (Vatne & Holth, 2018).

4.5.2 Dilemma mellom sosionomen si faglege oppfatning og omsynet til kvinna si rett til empowerment

Som det har kome fram tidlegare, skal empowerment vere eit middel for å realisere kvinna sin autonomi, som ikkje har blitt realisert i det valdelege forholdet. Ifølge Askheim (2012, s. 155) krasjar dette med ein grunnleggande føresetnad i profesjonsetikken. Han kjem her med eit viktig poeng, der han påpeiker at brukaren er erklært avhengig av hjelparen, i dette tilfellet er kvinna avhengig av sosionomen si hjelp på eit krisesenter. Med andre ord er forholdet mellom den valdsutsette og sosionomen asymmetrisk. Dette blir satt ord på i Fellesorganisasjonen (FO, 2019) sitt yrkesetiske grunnlagsdokument, der det kjem fram at sosionomar i kraft av si faglege kompetanse har makt til å hjelpe. Vidare kjem det fram at hjelp òg kan opplevast som krenkande for den hjelpetrengande. Av den grunn påpeikast det at både faglege og etiske utfordringar vil gjere seg gledande (FO, 2019). Når ein då skal legge til rette for at kvinna skal fungere mest mogleg sjølvstendig og realisere hennar autonomi, vil dette òg innebere at sosionomen må akseptere at si faglege oppfatning kan stride i mot dei vala som kvinna tar (Askheim, 2012, s. 155). Dette påpeikar Askheim (2012, s. 155) er eit grunnleggande dilemma i sosialfagleg arbeid. Det blir likevel ekstra tydeleg ved empowerment-tilnærminga, ettersom brukaren sin rett til styring over eige liv, står såpass sentralt.

På grunn av truslar, mangel på nettverk, kjærleik for partnaren og felles barn, kan det vere at kvinna ender opp med å dra heim igjen til den valdelege partnaren. Den økonomiske situasjonen kan òg spele ei rolle, då fleire er avhengige av mannen sin økonomi (Hansen et al., 2012, s. 62). Med andre ord er det nokre økonomiske, sosiale og familiære omsyn kvinna må ta med i vurderinga om å forlate eller å bli hos den valdelege partnaren (Askeland et al., 2002, s. 73). Dette er faktorar som binder dei saman og kan gjere det vanskeleg å bryte ut. Både dei bindingane og barrierane som vald i parforhold medfører, kan gjere at kvinna er ambivalent når det gjeld kva ho tenker om å bli eller forlate partnaren (Askeland et al., 2002, s. 76). Det kan tenkast at sjansen for at kvinna blir i det valdelege forholdet kan utfordre sosionomen si faglege oppfatning. Ifølge Berntsen (2005, s. 44) kan dette opplevast frustrerende og det kan vere lett å tenke at arbeidsinnsatsen ein har gjort på krisesenteret er meningslaus. Askheim (2012) meiner derfor at sosionomen som fagperson må finne ein balansegang mellom det å ta omsyn til kvinna sin sjølvråderett og det å sikre hennar livskvalitet og tryggleik.

5.0 AVSLUTNING

Som eg såg på innleiingsvis er partnervald eit utbreitt sosialt problem, og NKVTS uttrykker uro for at dette òg vil auke som følge av covid-pandemien. Gjennom denne oppgåva har eg sett på fenomenet partnervald, i form av kva slags konsekvensar dette kan få for kvinna som blir utsett for det. Vidare har eg sett på sosionomen si rolle i møte med valdsutsette kvinner på krisesenter. Eg har derfor forsøkt å finne svar på problemstillinga; *korleis kan sosionomar fremme empowerment i møte med kvinner utsett for partnervald?* Før eg gjekk inn på dette har eg sett på korleis psykisk- og fysisk vald frå ein partner kan forårsake sosiale- og psykiske konsekvensar for den valdsutsette. Dette for å få ei forståing for korleis empowerment kan fungere som ei tilnærming i møte med valdsutsette kvinner sine behov. PTSD, depresjon, kjensler av skam og skuld, lite nettverk, samt lav sjølvtilit, er utbreitte konsekvensar som eg har fokusert på. Vidare har eg presentert sentrale trekk ved empowerment, som ei tilnærming i sosialt arbeid. Der trakk eg fram empowerment som prosess, metode og mål. Før eg gjekk over til å drøfte problemstillinga, presenterte eg forskning som tyder på at empowerment kan vere eit nyttig element for å bidra til betring av livssituasjonen til valdsutsette kvinner.

Med utgangspunkt i den litteraturen eg har presentert, har eg trekt fram følgande faktorar for å fremme empowerment: Sikkerheitsplanlegging gjennom brukardefinert praksis, kritisk refleksjon i gruppearbeid, ressursmobilisering i form av støtte frå nettverk og auking av

kunnskap og kompetanse, før eg til slutt fokuserte på auking av sjølvtilitt og kjensle av meistring. Sjølv om desse faktorane kan fremme empowerment, har eg gjennom arbeidet oppdaga at fremming av empowerment ikkje alltid kjem utan utfordringar. Ettersom realiseringa av empowerment i lita grad gjev fasitløysingar og ein må halde seg til komplekse situasjonar vil ulike dilemma gjere seg gjeldande. Det har blitt enda meir tydeleg for meg at empowerment ikkje er noko ein sosionom kan *gje* til den valdsutsette. Derimot er sosionomen si oppgåve å sikre at føresetnadane er der for at kvinna kan ta makta over sitt eige liv. Til sjuande og sist er det kvinna sjølv som kan oppnå empowerment.

Å fremme empowerment er ingen enkel og lineær prosess. Kvinnene må sjølv jobbe aktivt med å reise seg igjen og ta tilbake makta og styringa over sitt eige liv. Dette blir sosionomen si oppgåve å støtte dei gjennom.

Litteraturliste

- Afifi, T. O., MacMillan, H., Cox, B. J., Asmundson, G. J. G., Stein, M. B., & Sareen, J. (2009). Mental Health Correlates of Intimate Partner Violence in Marital Relationships in a Nationally Representative Sample of Males and Females. *Journal of Interpersonal Violence, 24*(8), 1398–1417. <https://doi.org/10.1177/0886260508322192>
- American Psychiatric Association. (2020, august). *What Is Posttraumatic Stress Disorder?* <https://www.psychiatry.org/patients-families/ptsd/what-is-ptsd>
- American Psychiatric Association. (2020, oktober). What Is Depression? American <https://www.psychiatry.org/patients-families/depression/what-is-depression>
- Anderson, D. K., Saunders, D. G., Yoshihama, M., Bybee, D. I. & Sullivan, C. M. (2003). Long-term Trends in Depression among Women Separated from Abusive Partners. *Violence Against Women, 9*(7), 807–838. <https://doi.org/10.1177/1077801203009007004>
- Arboleda-Florez, J., & Wade, T. J. (2001). Childhood and adult victimization as Risk factor for major depression. *International Journal of Law and Psychiatry, 24*(4), 357–370. [https://doi.org/10.1016/S0160-2527\(01\)00072-3](https://doi.org/10.1016/S0160-2527(01)00072-3)
- Askeland, I., R., Strand, A. & Sætre, I. (2002). Voldsutsatte kvinners erfaringer – et bidrag til arbeid med menn som utøver vold I M. Råkil (Red.), *Menns vold mot kvinner* (s. 64-80). Universitetsforlaget
- Askheim, O. P. (2012). *Empowerment i helse- og sosialfaglig arbeid*. Gyldendal Akademisk
- Beck, J. G., McNiff, J., Clapp, J. D., Olsen, S. A., Avery, M. L. & Hagewood, J. H. (2011). Exploring Negative Emotion in Women Experiencing Intimate Partner Violence: Shame, Guilt, and PTSD. *Behavior Therapy, 42*(4), 740–750. <https://doi.org/10.1016/j.beth.2011.04.001>
- Berntsen, K. (2005). *Hjelperens rolle i arbeidet med voldsutsatte kvinner og deres barn*. Krisesentersekretariatet.
- Bufdir (2021, 30. mars). *Krisesentre*. <https://n9.cl/irpu6>
- Caetano, R., & Cunradi, C. (2003). Intimate partner violence and depression among Whites, Blacks, and Hispanics. *Annals of Epidemiology, 13*(10), 661–665. <https://doi.org/10.1016/j.annepidem.2003.09.002>

- Campbell, J. C. (2002). Health consequences of intimate partner violence. *The Lancet (British Edition)*, 359(9314), 1331–1336. [https://doi.org/10.1016/S0140-6736\(02\)08336-8](https://doi.org/10.1016/S0140-6736(02)08336-8)
- Carr, E. S. (2003). Rethinking empowerment theory using a feminist lens: The importance of process. *Affilia*, 18(1), 8-20. <https://doi.org/10.1177/0886109902239092>
- Cattaneo, L. B. & Chapman, A. R. (2010). The Process of Empowerment. *The American Psychologist*, 65(7), 646–659. <https://doi.org/10.1037/a0018854>
- Cattaneo, L. B. & Goodman, L. A. (2010). Through the Lens of Therapeutic Jurisprudence. *Journal of Interpersonal Violence*, 25(3), 481–502. <https://doi.org/10.1177/0886260509334282>
- Cattaneo, L. B. & Goodman, L. A. (2015). What Is Empowerment Anyway? A Model for Domestic Violence Practice, Research, and Evaluation. *Psychology of Violence*, 5(1), 84–94. <https://doi.org/10.1037/a0035137>
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg.). Gyldendal akademisk.
- Davies, J. & Lyon, E. (2013). *Domestic violence advocacy: Complex lives/difficult choices*. Sage Publications.
- Dunn, J. L. (2005). “Victims” and “Survivors”: Emerging Vocabularies of Motive for “Battered Women Who Stay” *Sociological Inquiry*, 75(1), 1–30. <https://doi.org/10.1111/j.1475-682X.2005.00110.x>
- Ellingsen, I. T. & Skjefstad, N. S. (2015). I I. T., Ellingsen, I. Levin, B. Berg & L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: en grunnbok* (s. 97-111). Universitetsforlaget.
- Fellesorganisasjonen (2019). *Yrkesetisk grunnlagsdokument*. FO. <https://www.fo.no/yrkesetikk/fo-yrkesetisk-grunnlagsdokument-2019-2023-article6951-1346.html>
- Forskrift om nasjonal retningslinje for sosionomutdanning. (2019). *Forskrift om nasjonal retningslinje for sosionomutdanning* (FOR-2019-03-15-409). Lovdata. <https://lovdata.no/forskrift/2019-03-15-409>
- Golding, J. M. (1999). Intimate partner violence as a risk factor for mental disorders: A meta-analysis. *Journal of family violence*, 14(2), 99-132. <https://doi.org/10.1023/A:1022079418229>
- Goodman, Lisa A, & Smyth, Katya Fels. (2011). A Call for a Social Network-Oriented Approach to Services for Survivors of Intimate Partner Violence. *Psychology of Violence*, 1(2), 79–92. <https://doi.org/10.1037/a0022977>

- Goodman, L. A., Cattaneo, L. B., Thomas, K., Woulfe, J., Chong, S. K. & Smyth, K. F. (2015). Advancing Domestic Violence Program Evaluation: Development and Validation of the Measure of Victim Empowerment Related to Safety (MOVERS). *Psychology of Violence*, 5(4), 355–366.
<https://doi.org/10.1037/a0038318>
- Goodman, L. A., Thomas, K., Cattaneo, L. B., Heimel, D., Woulfe, J. & Chong, S. K. (2016). Survivor-Defined Practice in Domestic Violence Work. *Journal of Interpersonal Violence*, 31(1), 163–185.
<https://doi.org/10.1177/0886260514555131>
- Goodman, L. A., Fauci, J. E., Sullivan, C. M., DiGiovanni, C. D. & Wilson, J. M. (2016). Domestic Violence Survivors' Empowerment and Mental Health: Exploring the Role of the Alliance With Advocates. *American Journal of Orthopsychiatry*, 86(3), 286–296. <https://doi.org/10.1037/ort0000137>
- Gregory, Katie, Nnawulezi, Nkiru, & Sullivan, Cris M. (2021). Understanding How Domestic Violence Shelter Rules May Influence Survivor Empowerment. *Journal of Interpersonal Violence*, 36(1-2), NP402–NP423.
<https://doi.org/10.1177/0886260517730561>
- Hansen, L., Finsrud, A. M., & Lillevik, O. G. (2012). Når kvinner blir hos menn som slår. *Tidsskriftet sykepleien*, 100(8), 60–62.
<https://doi.org/10.4220/sykepleiens.2012.0079>
- International Federation of Social Workers. (2014, juli). *Global Definition of the Social Work Profession*. IFSW. <https://www.ifsw.org/what-is-social-work/global-definition-of-social-work/>
- Isdal, P. (2000). *Meningen med volden*. Kommuneforlaget.
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2014-2017). *Et liv uten vold - handlingsplan mot vold i nære relasjoner*.
https://www.regjeringen.no/contentassets/97cdeb59ffd44a9f820d5992d0fab9d5/hplan-2014-2017_et-liv-uten-vold.pdf
- Kasturirangan, A. (2008). Empowerment and Programs Designed to Address Domestic Violence. *Violence Against Women*, 14(12), 1465–1475.
<https://doi.org/10.1177/1077801208325188>

- Kieffer, C. H. (1984). Citizen empowerment: A developmental perspective. *Prevention in Human Services*, 3, 9-36. https://doi.org/10.1300/J293v03n02_03
- Kleppe, L., C. (2015). Kunnskap i sosialt arbeid. I I. T., Ellingsen, I. Levin, B. Berg & L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: en grunnbok* (s. 125-138). Universitetsforlaget.
- Levin, I. & Ellingsen, I. T. (2015). Relasjoner i sosialt arbeid. I I. T., Ellingsen, I. Levin, B. Berg & L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: en grunnbok* (s. 112-124). Universitetsforlaget.
- Lillevik, O. G. (2019). Fenomenforståelse - vold i nære relasjoner. I O. G., Lillevik, J. S. Salamonsen & I. Nordhaug (Red.). *Vold i nære relasjoner: diskurser og fenomenforståelse* (s. 13-25). Gyldendal.
- Lloyd, M., Ramon, S., Vakalopoulou, A., Videmšek, P., Meffan, C., Roszczyńska-Michta, J., & Rollè, L. (2017). Women's Experiences of Domestic Violence and Mental Health: Findings From a European Empowerment Project. *Psychology of Violence*, 7(3), 478–487. <https://doi.org/10.1037/vio0000111>
- NOU 2003:31. (2003). *Retten til et liv uten vold — Menns vold mot kvinner i nære relasjoner*. Justis- og beredskapsdepartementet.
- NOU 2020:17. (2020). *Varslede drap? — Partnerdrapsutvalgets utredning*. Justis- og beredskapsdepartementet.
- NKVTS (2014, januar). *Vold og voldtekt i Norge. En nasjonal forekomststudie av vold i et livsløpsperspektiv*. Nasjonalt kunnskapssenter for vold og traumatisk stress. https://www.nkvts.no/content/uploads/2015/11/vold_og_voldtekt_i_norge.pdf
- NKVTS (2020, 6. april). *Korona, smitteverntiltak og voldsutsatte*. Nasjonalt kunnskapssenter for vold og traumatisk stress. <https://www.nkvts.no/aktuelt/korona-smitteverntiltak-og-voldsutsatte/>
- Perez, S., Johnson, D. M. & Wright, C. V. (2012). The Attenuating Effect of Empowerment on IPV-Related PTSD Symptoms in Battered Women Living in Domestic Violence Shelters. *Violence Against Women*, 18(1), 102–117. <https://doi.org/10.1177/1077801212437348>
- Prop. 12 S (2016 – 2017). *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)*. Barne- og familiedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-12-s-20162017/id2517407/>
- Roberts, A. R. (2007). Overview and New Directions for Intervening on Behalf of Battered Women. I A. R. Roberts (Red.), *Battered women and their families: Intervention strategies and treatment programs* (3. Utg., s. 3-31). Springer Publishing Company.

- Roberts, A. R., & Burman, S. (2007). National survey on empowerment strategies, crisis intervention, and cognitive problem-solving therapy with battered women. I A. R. Roberts (Red.), *Battered women and their families: Intervention strategies and treatment programs* (3. Utg., s. 63-87). Springer Publishing Company.
- Rose, D., Trevillion, K., Woodall, A., Morgan, C., Feder, G., & Howard, L. (2011). Barriers and facilitators of disclosures of domestic violence by mental health service users: Qualitative study. *The British Journal of Psychiatry*, *198*, 189–194.
<http://dx.doi.org/10.1192/bjp.bp.109.072389>
- Scheffer L., M. & Renck, B. (2008). ‘It is still so deep-seated, the fear’: psychological stress reactions as consequences of intimate partner violence. *Journal of Psychiatric and Mental Health Nursing*, *15*(3), 219–228. <https://doi.org/10.1111/j.1365-2850.2007.01215.x>
- Slettebø, T. (2000). Empowerment som tilnærming i sosialt arbeid. *Nordisk sosialt arbeid (trykt utg.)*, *20*(2000) nr. 2, 75–85.
- Song, L. (2012). Service Utilization, Perceived Changes of Self, and Life Satisfaction Among Women Who Experienced Intimate Partner Abuse. *Journal of Interpersonal Violence*, *27*(6), 1112–1136. <https://doi.org/10.1177/0886260511424495>
- Stark, E. (2013). Coercive control. I Lombard, N., & McMillan, L. (Red.), *Violence against women : current theory and practice in domestic abuse, sexual violence and exploitation* (s. 17-33). Jessica Kingsley Publishers.
- Vatne, M. & Holth, M. (2018). Miljøterapi for kvinner utsatt for æresrelatert vold – med relasjonen som det bærende element. *Tidsskrift for Psykisk Helsearbeid*, *2-03*, 202–213. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3010-2018-02-03-11>
- WHO (2021, 9. mars). *Violence against women*. World health organization.
<https://www.who.int/news-room/fact-sheets/detail/violence-against-women>
- WHO (2021, 9. mars). *Devastatingly pervasive: 1 in 3 women globally experience violence*. World health organization.
<https://www.who.int/news/item/09-03-2021-devastatingly-pervasive-1-in-3-women-globally-experience-violence>

